

Eksamen

28.11.2019

FOT3001 Helsefremmande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Fotterapi vg3

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I vurderinga av svaret ditt blir det lagt vekt på at du viser tilstrekkeleg forståing av kompleksiteten i faget. Det blir lagt vekt på at du klarer å formidle kunnskapen din med eigne ord ved å svare på det oppgåveteksten spør etter. Det blir òg lagt vekt på samspelet mellom fagkunnskap og eigen refleksjon i svara. Vidare må du vise forståing av kva det vil seie å vere profesjonell i yrkesutøvinga, og du må kunne halde deg til ditt eige kompetanseområde.</p> <p>Dersom du bruker mykje klipp og lim frå andre sine tekstar, kan du få lågare karakter fordi det da er vanskeleg å vurdere kva kompetanse du har.</p> <p>Det må komme tydelig fram kva spørsmål du svarer på.</p>

Oppgave 1

Turid på 55 år kjem inn på klinikken din med smerte i naglefalsen på første tå. Legen har fortalt at det er incarnatus (nedgrodd nagl).

- a) Forklar kva denne tilstanden er, og kva årsakene kan vere til at ein får incarnatus.
- b) Gjer greie for kva slags førebyggjande behandling du ville gitt for denne tilstanden.

Oppgave 2

Du får inn ein ny praksiselev på klinikken, og eleven skal arbeide saman med deg. Du skal no rettleie eleven om problemstillingane som er skildra i oppgave a) og b) nedanfor. Det er svært viktig at du forklarar kvifor du gjer og seier som du gjer, slik at eleven forstår samanhengen.

- a) Gjer greie for kva smerter og feilstillingar desse styringsfaktorane i sko kan utløyse, halde ved lag eller gjere verre:
 1. bananform i sko
 2. konkavititet i framfot
 3. langt snørestykke
- b) For å kunne seie noko om fotlidingar knytte til sko må ein vite noko om korleis desse tre faktorane styrer gonga til pasienten. Forklar praksiseleven din korleis dei tre styringsfaktorane (bananform i sko, konkavititet i framfot, langt snørestykke) påverkar gonga til pasienten, og kvifor denne påverknaden oppstår.

Oppgave 3

I Noreg finst det i dag ca. 300 000 menneske som lever med ein revmatisk diagnose. Den vanlegaste diagnosen for revmatikarar er artrose. I dag får du inn ein pasient på 67 år som har fått diagnosen artrose.

- a) Forklar kort for pasienten kva revmatisme er, og kva artrose er.
- b) Gjer greie for korleis artrose kan påverke føtene til pasienten.
- c) Forklar og grunngi kva slags behandling du som autorisert fotterapeut kan utføre på pasienten.
- d) Gi pasienten fire skoråd som er viktige med tanke på sjukdommen artrose.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I vurderingen av besvarelsen blir det lagt vekt på at du viser tilstrekkelig forståelse av fagets kompleksitet. Det blir lagt vekt på at du klarer å formidle kunnskapen din med egne ord ved å svare på det oppgaveteksten spør etter. Det blir også lagt vekt på samspillet mellom fagkunnskap og egen refleksjon i svarene. Videre må du vise forståelse av hva det vil si å være profesjonell i yrkesutøvelsen, og du må kunne holde deg til ditt eget kompetanseområde.</p> <p>Hvis du bruker mye klipp og lim fra andres tekster, kan du få lavere karakter fordi det da er vanskelig å vurdere hvilken kompetanse du har.</p> <p>Det må komme tydelig fram hvilket spørsmål du besvarer.</p>

Oppgave 1

Turid på 55 år kommer inn på klinikken din med smerte i neglefalsen på første tå. Legen har fortalt at det er incarnatus (nedgrodd negl).

- a) Forklar hva denne tilstanden er, og hva årsakene kan være til at man får incarnatus.
- b) Gjør rede for hvilken forebyggende behandling du ville gitt for denne tilstanden.

Oppgave 2

Du får inn en ny praksiselev på klinikken, og eleven skal arbeide sammen med deg. Du skal nå veilede eleven om problemstillingene som er beskrevet i oppgave a) og b) nedenfor. Det er svært viktig at du forklarer hvorfor du gjør og sier som du gjør, slik at eleven forstår sammenhengen.

- a) Gjøre rede for hvilke smerter og feilstillinger som kan utløses, opprettholdes eller forverres med følgende styringsfaktorer i sko:
 1. bananform i sko
 2. konkavitet i forfot
 3. langt snørestykke
- b) For å kunne si noe om fotlidelser knyttet til sko må man vite noe om hvordan disse tre faktorene styrer pasientens gange. Forklar praksiseleven din hvordan de tre styringsfaktorene (bananform i sko, konkavitet i forfot, langt snørestykke) påvirker gangen til pasienten, og hvorfor denne påvirkningen oppstår.

Oppgave 3

I Norge finnes det i dag ca. 300 000 mennesker som lever med en revmatisk diagnose. Den vanligste diagnosen for revmatikere er artrose. I dag får du inn en pasient på 67 år som har fått diagnosen artrose.

- a) Forklar kort for pasienten hva revmatisme er, og hva artrose er.
- b) Gjør rede for hvordan artrose kan påvirke pasientens føtter.
- c) Beskriv og begrunn hvilken behandling du som autorisert foterapeut kan utføre på pasienten.
- d) Gi pasienten fire skoråd som er viktige med tanke på sykdommen artrose.



www.vigoiks.no/eksamen